

OPPGÅVESETT 4.2

TIDLEGARE EKSAMENSOPPGÅVER

Oppgavesettet og løysingsforslaget er laga av

Professor Kjell Henry Knivsflå,
Institutt for rekneskap, revisjon og rettsvitenskap,
NHH



E-post: kjell.knivsfla@nhh.no



SETT 4-1


INNHALD

TIDLEGARE EKSAMENSOPPGÅVER

EKSAMEN

1) 2024

2) 2023



SJÅ ÒG

- **OPPGÅVESETT 1** for oppgåver i strategisk rekneskapsanalyse
- **OPPGÅVESETT 2** for oppgåver i budsjettering og verdsetting
- **OPPGÅVESETT 3** som inneheld diverse oppgåver

▪ **OPPGÅVESETT 4.1 +4.3-4.5** SOM INNEHELD EKSAMEN 2014-25

SETT 4-2



Vår, 2024

Dato: 25.04

Tidsrom: 09:00 – 13:00

Talet på timer: 4

EKSAMENSVAKT KAN KONTAKTE KURSANSVARLEG PÅ TELEFON: 902 99 807

Dersom du meiner at det manglar opplysningar – eller at det er feil i oppgavesettet – bør du ta passende føresetnader.

TILLATNE HJELPEMIDDEL

Alle hjelpemiddel er tillatne utanom samarbeid og utveksling av informasjon. Det er derfor ikkje lov å nytte internett. Det er heller ikkje lov å kommunisere med chatteprogram (ChatGPT eller liknadane).

Du bør nytte eigen PC/Mac, skrive i Word eller liknande, gjere utrekningar på kalkulator eller i Excel, som du limer inn i Word. Til slutt konverterer du Word-fil til ei PDF-fil, som du leverer.

Sider, inkludert framside: 11

Talet på vedlegg: 0

- 1 -

SETT 4-3

EKSAMEN 2024 MED FORSAG TIL LØYSING

EKSAMEN I ACC421A: VÅR 2024

Eksamenssettet har **to delar**:

- I del 1 er det fire oppgåver som omhandlar verddivurdering av Bergen Bil AS. Oppgåvene byggjer på kvarandre, slik at opplysningar som du treng i ei oppgåve kan vere presenterte i introduksjonen til caset, i tidlegare oppgåver, eller kjem fram i utrekningar av oppgavesvar. Det kan også vere at opplysningane manglar – og då bør du ta fomuflige føresetnader som du grunnjev kort.
- I del 2 er det to uavhengige oppgåver med korte utrekningar og generelle spørsmål av varierende vanskegrad.

Svar kort og presist.

DEL 1: CASE – Bergen Bil AS

Bergen Bil AS (ofte referert til som **BB**) er eit selskap som har til mål å kjøpe og selje nyare bruktbilar. Selskapet satsar på elbilar, og har som visjon å bli den leiande merkeuavhengige forhandlaren i Bergensområdet, i konkurranse med mellom anna Åsane Bruktbil og Sotra Auto. I dei følgjande fire oppgåvene skal du

- lage trailing årsrekneskap,
- analysere budsjettdivarane,
- utarbeide budsjett, og
- verdsette selskapet.

Eit verdiesstimat på selskapet og eigenkapitalen i selskapet blir laga for å bruke det til noko – i dette tilfellet til å vurdere kor mykje ein konkurrent kan by for aksjane i BB, inkludert verdien av synergiar.

- 2 -

EKSAMEN I ACC421A: VÅR 2024

I fjor omsette Bergen Bil 300 bruktbilar til en gjennomsnittspris på nesten 400 tusen, slik at omsetninga var 117 millionar, sjå omgruppet finansrekneskap. Marknadsdelen i BBs geografiske segment er under 10%. Finansanalytiker Jon Smør i Vestlandsbanken, som følger næringslivet på Vestlandet og i Bergensområdet tett, meiner at BB har visse

- strategiske utfordringar, og at
- innteninga er for dårleg.

1) Strategi: I følgjande tabell er strategiske forhold i BB og bransjen oppsummerte i form av stikkord:

BRUKTBILFORHANDLAR- BRANSJEN	BERGEN BIL AS
<ul style="list-style-type: none"> Merkeforhandlarar og uavhengige, nokre store (Åsane Bruktbil, Sotra Auto). Framvekst av elbilar har eller kan endre bilmarknaden heilt; nye merke/modellar, usikre bruktbilprisar, merka blir likare og likare? Syklisk marknad. Vekst i ei tid framover er større enn i steady state pga. elektrifisering. Bransjen lokalt: BB opererer i Bergen sør, Sotra Auto i vest, og Åsane i nord. 	<ul style="list-style-type: none"> Relativ liten, men stor i Bergen sør. Merkeuavhengig – men stor på VW. Velrenomert er kjent for «å ha akkurat den bilen du er på jakt etter». Stort lager av bilar, må ofte skrive ned varelageret.

- 3 -

SETT 4-4

2) Økonomi: I neste tabell finn su den omgrupperte finansrekneskapen til BB i forfjor (t = -2), i fjor (t = -1) og i år (t = 0T). 0T indikerer at tala for i år er trailingtal utarbeida av Jon Smør basert på kvartalsrapporten for 1. kvartal (Q1), sjå seinare tabell. Alle tal i millionar kroner.

År, tall i millionar	-2	-1	0T	
Driftsinntekter	98	117	136	
- Ordinære driftskostnader	66	78	91	
= Resultat før avskrivning (EBITDA)	32	40	45	
- Av- og nedskrivning	20	25	29	
= Driftsresultat (EBIT)	12	15	16	
- Driftsskatt	2	3	3	
= Netto driftsresultat	10	12	13	
- Netto rentekostnad	3	4	4	
= Nettoresultat til EK	7	9	9	
- Netto unormal kostnad	0	0	-5	
= Fullstendig nettoresultat	7	9	14	
- Netto betalt utbytte	8	9	9	
= Endring i egenkapital	-1	0	5	
År	-3	-2	-1	0T
Netto driftseigedelar	200	220	225	230
- Netto finansiell gjeld	75	96	101	101
= Eigenkapital	125	124	124	129

I utarbeidinga av omgruppert finansregnskap og trailing har Smør lagt til grunn at

- Nedskrivning av varelager/bilar er normal driftskostnad.
- Selskapskattesatsen er 22% og eit passende anslag på normalisert driftsskatt er 20%.

- 4 -

- Renta på netto finansiell gjeld er 5% før skatt.
- Netto betalt utbytte i år 0 er venta å bli som i år -1, 9 millionar.

3) Økonomi i bransjen. Utvalde forholdstal:

Bransjen – bilforhandlarar

År	-1	0
ndm	12%	10%
onde	2	2
ndr	24%	20%
Vekst	7,5%	5%

ndm = netto driftsmargin, onde = omlopet til netto driftseigedelar, ndr = netto driftsrentabilitet og vekst = driftsinntektsvekst.

Den langsiktige veksten i økonomien generelt kan anslåast til å vere 3% realvekst + 2% inflasjon, noko som gir ein nominell vekst på 5%.

4) Kapitalkostnad: Vekta avkastingskrav etter skatt for drifta er utrekn slik:

$$\begin{aligned} ndr &= r_f \cdot (1-s) + \beta_B \cdot erp + (1-w) \cdot (1-mrd) \cdot krp \\ &= 3\% + 0,7 \cdot 5,8\% + (1-0,66) \cdot (1-0,1) \cdot 0,9\% \\ &= 3\% + 0,7 \cdot 5,8\% + 0,3\% \\ &= 7,5\% \end{aligned}$$

Formelen er konsistent med WACC (= weighted average cost of capital). $r_f \cdot (1-s)$ = risikofri rente etter skatt, β_B = bransjebeta, erp = egenkapitalrisikopremien, w = målvekt egenkapital i prosent av netto driftskapital, mrd = del av krp som er marknadsrelatert og krp = kredittrisiko-premien etter skatt.

- 5 -

SETT 4-5

5) Oppdrag: Jon Smør har fått i oppdrag frå den dynamiske leiaren i Sotra Auto, Emilie Kvaløy, om å utarbeide ei verddivurdering av BB i samband med at Sotra Auto vurderer å kjøpe selskapet. Smør er siviløkonom, men det er nå 20 år sidan han tok kurs i verdsetting og treng derfor litt assistanse frå deg som nyleg har tatt kurs i dette. Du seier deg villig til dette.

Oppgåve 1

Trailing

Jon Smør har laga trailing og omgruppert finansrekneskapen til Bergen Bil. Han er likevel usikker på om han har rekna rett og ber deg sjekke tala. I tillegg ber han deg om å ta stilling til om nedskrivning av bilar er unormal eller normal kostnad. Smør opplyser at nedskrivning skjer når det viser seg vanskeleg å få seld visse bilar. Då må dei gjerne seljast under kostpris.

- Er nedskrivning av eit varelager av biler ein normal eller ein unormal eller spesiell post? Droft!
- Utarbeid trailing resultatregnskap og samanlika med trailingen til Smør (sjå tidlegare tabell). Forklar tala!

År	-1	-1	0
		Q1	Q1
DI	117	31	36
- DK	78	18	21
= EBITDA	40	13	15
- AVS + NED	25	3	4
= DR	15	10	11
- DSK	3	2	2
= NDR	12	8	9
- NRK	4	1	1
= NRE	9	7	8
- NUK	0	0	0
= FNR	9	7	8
- NBU	9	2	3
= ΔEK	0	4	5

Avkorting som for eksempel DJ blir forklart ved å samanlikne med tidlegare tabell der dei skrivne fullt ut.

- 6 -

Oppgåve 2

Analyse av budsjett drivere

«Då er vi klare til å analysere forholdstala til Bergen Bil AS», seier Jon Smør. Du svarer at vi først bør sjekke om der er vesentlege målefeil i rekneskapstala – og eventuelt justere for desse. Vidare så påpekar du at dei truleg viktigaste områda der det kan være målefeil hos ein bilforhandlar er

- avsetning for garantiansvar,
- direkte kostnadsføring i staden for aktivering
- nedskrivning av varelager, og
- leige/leasing.

Ein gjennomgang av desse kjeldene til målefeil gir ikkje grunnlag for å tru at det er vesentlege målefeil i tala til BB.

Som du er godt kjent med kan vi budsjettere den frie kontantstrømmen frå drift framover gjennom å framskrive et sett av budsjett drivarar over budsjettperioden til budsjett horisonten T. Frå og med T + 1 føreset vi at selskapet er i steady state der budsjett drivarane blir «frys» og alle regnskapstal veks med konstant vekst.

For å forenkla framskrivinga budsjetterer vi gjerne to, tre eller kanskje fire budsjett punkt – og så føreset vi gjerne ei lineær utvikling mellom punkta. Utgangspunktet for det heile – sjolve ankerfeste – er verdiane på budsjett drivere på tidspunkt 0. Innsikt om verdiane til budsjett drivere på tidspunkt 0, og korleis dei er komne dit, får vi gjennom strategisk regnskapsanalyse.

- Analysér veksten til BB i år 0 og -1 med tanke på at du i neste oppgåve skal framskrive veksten. Pass på å leite etter utviklingstrekk som har verknad for vekstprognosen i neste oppgåve.
- Analysér netto driftsrentabiliteten i år -1 og 0 og eventuelt andre budsjett drivarar som er kjelde til lønsend.

- 7 -

SETT 4-6

- c) Knyt tala du har rekna ut i a) og b) opp mot **strategi**. Har BB ein vekstfordel og en strategisk fordel i lønsemd?

Oppgave 3

Framtidsrekneskap - budsjet

Føreset at **budsjettperioden** er 4 år, dvs at budsjettperioden $T = 4$, slik at Bergen Bil når steady state i år 4 og er i steady state frå og med år 5 og i all framtid.



- a) Kva er passende estimat på **budsjett-drivarane i steady state**? Drøft!
- b) Du har budsjett-drivarane i år 0 og i år 4, 5 og i all framtid, regn ut **tilnærma lineære utviklingsbaner** i år 1, 2, og 3.

Om du **argumenterer** for ei ikkje-lineær utvikling, kan du alternativt lage slike baner.

(Men er x og y lineære, så vil $x \cdot y$ ikkje vere lineær, slik at tala bør tilpassast slik at dei går opp.)

- c) Lag **driftsbudsjett** for år 1 til 5.

Oppgave 4

Verdsetting

Du har no utarbeida driftsbudsjett og har driftskravet – det som skal til for å verdsette Bergen Bil.

- a) Finn verdien av **selskapet** og verdien av **eigenkapitalen** i selskapet.
- b) Rekn ut det fundamentale **pris/bok-** og **pris/forteneste-**forholdet til selskapet – og samanlikn med det som er **normalt**. Kva inneber dette **strategisk**?

- 8 -

Sotra Auto AS, som planlegg å kome med eit bod på BB, har **synergjar** ved et eventuelt oppkjøp. Blant annet kan administrasjonskostnader sparast ved å samlokalisere kontorfunksjonar. Innspart beløp i år 1 er 2 millionar, men beløpet vil falle med 30% per år over budsjettperioden og i steady state.

- c) Kva er **noverdien av synergjar** ved eit eventuelt oppkjøp?
- d) Kva er det **maksimale** som Sotra Auto kan by eigarane i Bergen Bil for eigenkapitalen i selskapet?

DEL 2: FRITTSTÅANDE OPPGÅVER

Oppgave 5

Leie – kostnads- eller balanseføring?

I rekneskapsanalyse bør vi **tilbakeføre** leierett og leiekra – og berre **kostnadsføre** leiekostnaden. Vi skal i denne oppgava evaluere denne **påstanden** ut frå et **målefeldsperspektiv**. For å analysere om leige bør kostnadsførast direkte eller balanseførast nyttar vi «**standardeksempelet**» for analyse av målefeil i ACC421A, det med kontantstrømmen (-100, 70, 60) og interrenten på 20%.

Ei verksemd leiger forretningslokale i investeringsperioden i år 0 og over driftsperioden i år 1 og 2 til ein årleg leiekostnad på 10. I år 0 blir det også investert og installert andre driftseigedelar på 90. Leiga og investeringa er på til saman 100 i år 0 og skaper ein framtidig kontantstrøm frå drift på 70 i år 1 og 60 i år 2.

- a) Sett opp **finansrekneskap til verksemda** over de tre årene 0, 1, og 2 under føresetnad av leiga blir **kostnadsført** direkte. Finn **målefeilen** i netto driftsrentabiliteten over disse åra.

- 9 -

SETT 4-7

Alternativt kan leigeretten innrekna som **eigedel** i år 0. Vi verdset for å gjere de enkelt til nominell verdi på 30 (= 3 · 10), dvs utan diskontering. I år 1 og 2 blir eigedelen avskriven **lineært**, dvs med 15 per år.

Leige inneber også at det blir innregnet ei nominell **leigeforpliktning (driftsgjeld)** i år 0 på 20, dvs det kravet som skal betalast i år 1 og 2. Nominell verdi av leiekra blir redusert til 10 i år 1 og 0 i år 2.

- b) Sett opp **finansrekneskapan** der leiga blir **innrekna** som leierett og –krav. Finn **målefeilen** i netto driftsrentabiliteten.
- c) Kva syner eksempelet at **verknaden på målefeilen** er ved balanseføring kontra direkte kostnadsføring?

Oppgave 6

Rentefrådrag og rentedeckningsgrad

Til slutt to spørsmål der fellesnemaren er **renter**:

1. Kapitalstruktur: Avkastingskravet til selskap blir estimert som det vekta avkastingskravet på finansieringssida i balansen – eller altså ved hjelp av WACC. Selskapskapitalen blir gjerne representert med netto driftseigedelar. WACC kan derfor også refererast til som netto driftskravet (ndk):

$$\text{ndk} = \text{ekd} \cdot w + \text{fgk} \cdot (1 - s) \cdot (1 - w),$$

der ekd = eigenkapitalkravet, fgk er (netto) finansielt gjeldskrav for skatt, s = skattesatsen, og w er eigenkapitalvekta. Vi ser av WACC-formelen at kapitalkostnaden ved bruk av gjeld blir redusert med skattesatsen s fordi **renter kan trekkest frå** i skattepliktig inntekt (innanfor visse avgrensingar).

- 10 -

Sidan bruk av gjeld er «subsidert» i forhold til eigenkapital, lener det seg for selskapet å bruke meir finansiell gjeld enn elles. Den meirverdien som dette skaper blir kalla **verdien av skatte-skjoldet**. Men «våre venar» Miller og Modigliani seier likevel at verdien på selskapet er **uavhengig** av finansiering eller kapitalstrukturen.

- a) **Kvifor?** Forklar!

2. Rentedeckningsgrad (rdg): Dette forholdstallet kan definerast både før og etter skatt, der rdg etter skatt er:

$$\text{rdg} = (\text{NDR} + \text{NFI})/\text{NRK},$$

der NDR = netto driftsresultat, NFI = netto finansinntekter og NRK = netto rentekostnader. Rentedeckningsgrad blir nytta til analyse av risiko og ved kredittvurdering, særleg til **likviditetsanalyse** der rdg blir brukt til å uttrykke evna til å skape likviditetsdekning gjennom resultatet.

- b) Men kan rentedeckningsgrad nyttast som **soliditetsmål**? Forklar!

- TAKK FOR INNSATSEN -

- 11 -

SETT 4-8

ACC421A EKSAMEN 2024: LØYSINGSFORSLAG

Forslaget er laga av professor

Kjell Henry Knivsflå,

NHH

9

Oppgåve 1 LØYSINGSFORSLAG

a)

Er nedskriving av varelageret i Bergen Bil unormalt?

Det avheng av **hyppigheit, størrelse** og om det er naudsynt å skrive ned etter ei **porteføljevurdering**

Det som truleg skjer i BB er at selskapet ved slutten av kvart kvartal **gjer ei vurdering av kva kvar bil kan seljast til** – og skriv ned til realiserbar verdi dersom verdien er mindre enn kost

Nedskrivingane skjer derfor **kvart** kvartal, til om lag same beløp – og er truleg ikkje naudsynt etter ei porteføljevurdering, dvs at verkeleg verdi av den samla porteføljen av bilar på lager er større enn kost

KONKLUSJON:

Mykje taler for at nedskriving av bilar er ein **normal** kostnad

10

Nedskrivning

Nokre vil kanskje påpeike at ei nedskrivning som **ikkje er naudsynt** etter ei porteføljevurdering bør tilbakeførast

DETTE ER RETT!

Kva kva skjer når ein bil til kost 400 tusen berre kan seljast til 300 tusen – og det skjer kvar år?

ÅR	-1	0	ÅR	-1	0
Salsinntekt		300	Salsinntekt		300
- Varekost		300	- Varekost		400
- Nedskrivning	100	100	- Nedskrivning	0	0
= Resultat	-100	-100	= Resultat	0	-100
BIL	300	300	BIL	400	400
Rentabilitet	-0,33	-0,33	Rentabilitet	-0,25	-0,25

Kva for ein rentabilitet er rett?

-25%

11

b)

Trailing resultatrekneskap

År	-1	-1	0	UTREKNING	0
		Q ₁	Q ₁		TRAILING
DI	117	31	36	$36 + (36/31) \cdot (117 - 31)$	136
- DK	78	18	21	$21 + (21/18) \cdot (78 - 18)$	91
= EBITDA	40	13	15		45
- AVS + NED	25	3	4	$4 + (4/3) \cdot (25 - 4) = \underline{32}$: Litt høg?	29
= DR	15	10	11		16
- DS	3	2	2	20% av 16	3
= NDR	12	8	9		13
- NRK	4	1	1	$5\% \cdot (1 - 0,22) \cdot 101$	4
= NRE	9	7	8		9
- NUK	0	0	0	Kunstig DS = $19 - 8 - (9 - 3)$	-5
= FNR	9	7	8		14
- NBU	9	2	3	«som året før»	9
= ΔEK	0	4	5		5

12

GENERELL FORKLARING

- **NORMAL POST**, for eksempel driftsinntekter, ordinære driftskostnader, ...

$$\begin{aligned} \text{TRAIL} &= Q1 \text{ i år } 0 \\ &+ (Q1 \text{ i år } 0 / Q1 \text{ i år } -1) \\ &\cdot (Y \text{ i år } -1 - Q1 \text{ i år } -1) \end{aligned}$$

- **UNORMAL POST**, for eksempel eingongs- nedskrivning

$$\text{TRAIL} = Q1 \text{ i år } 0$$

- **DRIFTSSKATT**

$$\begin{aligned} &= \text{normalisert driftsskattesats} \\ &\cdot \text{normalt trailing driftsresultat} \end{aligned}$$

- **NETTO RENTEKOSTNAD**

$$\begin{aligned} &= \text{estimat på rente før skatt} \\ &\cdot (1 - \text{selskapsskattesatsen}) \\ &\cdot \text{netto finansiell gjeld} \end{aligned}$$

- **NETTO BETALT UTBYTE**

$$\begin{aligned} &\text{Avheng av utbytopolicy,} \\ &\text{for eksempel tilnærma konstant} \\ &\text{i beløp eller prosent} \end{aligned}$$

- **KUNSTIG DIRTY SURPLUS**

Sidan trailing balansen er siste kjende balanse, så må vi **trekke ut** den delen av trailing resultatet **som er ikke enno er realisert** og tilsvarende legge til ikke-realisert utbytte

13

Oppgave 2 LØYSINGSFORSLAG

a)

Analyse av budsjettdivarar inneheld

- **vekstanalyse**, både driftsinntektsvekst og kapitalvekst
- **rentabilitetsanalyse**, inkludert margin- og omløpsanalyse

1) Vekstanalyse

$$g = g^* + (g_B - g^*) + (g - g_B)$$


dvs selskapsvekst = langsiktig **økonomisk** vekst i steady state + **bransjevekstfordel** + **selskapsvekstfordel**

14

1) Vekstanalyse

Real vekst + inflasjon:
3% + 2%


År	-1	0
Langsiktig vekst	5%	5%
+ Bransjefordel	$7,5 - 5 = 2,5\%$	$5 - 5 = 0\%$
+ Selskapsfordel	$117/98 - 7,5 = 11,9\%$	$136/117 - 5 = 11,2\%$
= Driftsinntektsvekst	19,4%	16,2%



MEN SELSKAPSVEKSTFORDELEN ER PÅ **SAME** NIVÅ 11-12%

15


2) Rentabilitetsanalyse



16

Rentabilitet – strategisk


År	-1	0
+ Bransjefordel	$24 - 7,5 = 16,5\%$	$20 - 7,5 = 12,5\%$
+ Selskapsfordel	$12/220 - 24 = -18,5\%$	$13/225 - 20 = -14,2\%$
= Strategisk fordel	-2,0%	-1,7%



17

Margin x omløp – strategisk

År	-1	0
$ndm - ndm_B$	$12/117 - 12 = -1,7\%$	$13/136 - 10 = -0,4\%$
x «Vekt»: onde	$117/220 = 0,53$	$136/225 = 0,60$
+ $onde - onde_B$	$0,53 - 2 = -1,47$	$0,60 - 2 = -1,4$
x «Vekt»: ndm_B	12%	10%
= RESSURSFORDEL	-18,5%	-14,2%



FOR STORT LAGER AV BILAR!

18

b)

Kvalitativ strategisk analyse

Basert på kvalitative opplysingar så kan vi trekkje desse konklusjonane:

1) **Bransjen** – mange aktørar - homogent produkt: Konkurransen er **stor** med små marginar

Men tala i bransjen syner at dette er **feil**. Kvifor? Målefeil – eller der er noko som vi ikkje har taket på?

2) **Bergen Bil** – godt renommé pga godt utval bilar, men mykje nedskriving. Effekten av godt renommé gjev seg ikkje utslag i meir sal og bilar må til slutt dumpast i marknaden. **Lagerstyring med mindre kapitalbinding er eit godt tiltak**

Tala til selskapet syner at dette er **rett**

19

a)

Oppgåve 3 LØYSINGSFORSLAG

• Estimat på **budsjett drivarane i steady state (ss)**:

- g^* = langsiktig økonomisk **vekst** = realvekst + inflasjon = $3\% + 2\% = \underline{5\%}$
- ndr = ndk + **superrentabilitet** i steady state = $7,5\% + 2,5\% = \underline{10\%}$

Fornuftig: 1 – 4% ???

- **Omløp** eller altså onde = **2** i bransjen → Ok som estimat på onde i ss?
- **Margin**, dvs ndm , må då vere: $ndm \times 2 = 0,1$ gjev $ndm = \underline{5\%}$

20

b)

Lineære utviklingsbaner

$$\text{onde}_0 = DI_0 / NDE_{-1} = 136 / 225 = 0,6$$

År	0	1	2	3	4	5
div	(136-117)/117 = 16,2%	?	?	?	5%	5%
Margin, ndm	13/136 = 9,6%	?	?	?	5%	5%
x Omløp, onde	136/225 = 0,6	Onde blir fastsett slik at tala går opp			2,0	2,0
= ndr	13/225 = 5,8%	?	?	?	10%	10%

År	0	1	2	3	4	5
div	16,2%	13,4%	10,6%	7,8%	5%	5%
Margin, ndm	9,6%	8,5%	7,3%	6,2%	5%	5%
x Omløp, onde	0,67	0,8	1,1	1,5	2,0	2,0
= ndr	6,4%	6,9%	7,9%	9,0%	10%	10%

21

c)

Driftsbudsjettet

$$DI_2 = (1 + 0,106) \cdot 154 = 170$$

$$NDR_2 = 170 \cdot 0,073 = 12$$

År	0	1	2	3	4	5
Driftsinntekter	136	154	170	183	192	201,6
Netto driftsresultat	13	13	12	11	9,6	10,1
Netto driftseigedelar	230	154	122	96	101	106,1
Endring i NDE	5	-89	-32	-26	5	5,1
= Fri kontantstrøm frå drift	10	102	44	37	4,6	4,83

$$NDE_0 = DI_1 / \text{onde}_1 = 154 / \text{onde}_1 = 230$$

Dvs. faktisk $\text{onde}_1 = 0,670$

$$NDE_3 = 192 / 2 = 96$$

$$NDE_1 = 170 / 1,1 = 154$$

$$NDE_2 = 183 / 1,5 = 122$$

$$NDE_4 = 202 / 2 = 101$$

Oppgave 4 LØYSINGSFORSLAG

a)

Verdien av selskapet, dvs Bergen Bil

$$\begin{aligned}
 VNDE &= \frac{102}{1,075} + \frac{44}{1,075^2} + \frac{37}{1,075^3} + \frac{4,6}{1,075^4} + \frac{4,83}{1,075^4 \cdot (0,075 - 0,05)} \\
 &= 95 + 38 + 30 + 3 + \underbrace{\frac{193}{1,075^4}}_{145} \\
 &= \underline{\mathbf{311}}
 \end{aligned}$$

- Verdien av **eigenkapitalen** i BB:

$$VEK = 311 - 101 = \underline{\mathbf{210}}$$

23

KONTROLL: SUPERPROFITTMODELLEN

År	0	1	2	3	4	5
NDR	13	13	12	11	9,6	10,1
NDE	230	154	166	96	101	106,1
ndr	5,8%	6,9%	7,9%	9,0%	10%	10%
- ndk	7,5%	7,5%	7,5%	7,5%	7,5%	7,5%
= ndr - ndk	-1,7%	-0,6%	0,4%	1,5%	2,5%	2,5%
SPD	-3,8	-1,4	0,9	2,5	3,2	2,5

$$\begin{aligned}
 VNDE &= 230 - \frac{1,4}{1,075} + \frac{0,9}{1,075^2} + \frac{2,5}{1,075^3} + \frac{3,2}{1,075^4} + \frac{2,5}{1,075^4 \cdot (0,075 - 0,05)} \\
 &= 230 - 1,3 + 0,8 + 2,0 + 2,4 + \underbrace{\frac{100}{1,075^4}}_{75} \\
 &= \underline{\mathbf{308,9}} \quad \underline{\mathbf{AVVIKET SKULDAST AVKORTING}}
 \end{aligned}$$

24

Fundamental P/B og P/E

b)

1) Fundamental **P/B**:

$$= 311/230 = \underline{1,4} > 1; \text{ SF} > 0$$

NORMALT P/B = 1

2) Fundamental **P/E**:

$$= 311/13 = \underline{24} > 1/0,075 = \underline{13,3};$$

NORMALT P/E =
1/KRAVET

DVS moderat strategisk
fordel i gjennomsnitt,
men **aukande** over tid

$$\underline{\Delta\text{SF}} > 0$$

25

Verdien av synergi og maks bod

c)

Synergi: 2 mil, 30% reduksjon per år

→ Men er 2 mil før eller etter skatt?

Gordons formel

Verdi: $2 \cdot (1 - 0,2)/(0,075 - (-0,3)) = \underline{4,3}$

MAKS BOD: $210 + 4 = \underline{214}$

MEN DET ER VEL IKKJE SMART Å BY RESERVASJONSPRISEN?

26

GORDONS FORMEL

$$VERDI = \frac{KONTSTRAUM}{KRAV - VEKST}$$

$$VERDI = \frac{KONTSTRAUM}{KRAV + FALL}$$

VERDIEN AV NOKO SOM VEKS
MED KONSTANT RATE

VERDIEN AV NOKO SOM FELL I
VERDI MED KONSTANT RATE

27

a) Oppgave 5 LØYSINGSFORSLAG

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
- Avskrivning	-90	45	45
= Resultat	-10	25	15
- Netto betalt utbytte	-100	70	60
= Endring i EK	90	-45	-45
Investert kapital	90	45	0
Eigenkapital	90	45	0
Rentabilitet på investert kapital		25/90 = 0,28	15/45 = 0,33

➤ **Direkte kostnadsføring av leige bles opp roic over underliggjande internrente på 20%**

28

b) Balanseføring

	0	1	2
Fri kontantstrøm før leige	-90	80	70
- leigeutgift	10	10	10
= Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
+ Innrekning av andre – etterfølgande avskrivning	90	-45	-45
+ Innrekning verdi leigerett – lineær avskrivning	30	-15	-15
- Innrekning av leige krav – lineære «avdrag»	20	-10	-10
= Resultat	0	20	10
- Netto betalt utbytte	-100	70	60
= Endring i EK	100	-50	-50
Annan kapital	90	45	0
+ Leigerett	30	15	0
- Leige krav	20	10	0
= Investert kapital	100	50	0
Eigenkapital	100	50	0
Rentabilitet på investert kapital		$20/100 = 0,2$	$10/50 = 0,2$

➤ **Balanseføring av leige gjev roic = irr!**

c) Verknad på roic

	0	1	2
Roic ved direkte kostnadsføring		28 %	33 %
Roic ved balanseføring av leige		20%	20%
= Internrenta		20%	20%

➤ **KONKLUSJON:**

Balanseføring av leigerett og leige krav gjev betre rekneskapsføring og ei betre resultatmåling – og mindre målefeil

PÅSTANDEN ER **IKKJE** RETT!

a)

Oppgave 6 LØYSINGSFORSLAG

$$WACC = k_E \cdot w + k_G \cdot (1 - s) \cdot (1 - w)$$

Kva skjer dersom vi aukar bruken av gjeld for å utnytte skattefrådraget for gjeldsrenter?

- 1) $(1 - w)$ aukar, noko som vil redusere WACC, då $k_E > k_G \cdot (1 - s)$. 2) Men auka kredittrisiko vil auke k_G og k_E gjennom at β_E aukar. 3) Nettoverknaden er 0 seier MM

DET SOM BALANSERER VERDIEN AV SKATTEKJOLDET ER
KREDITTRISIKO

31

b) Rentedeckningsgrad – soliditet?

Først kva er soliditet?

«Evne til å stå i mot tap»

To dimensjonar:

- 1) Tap blir ført **mot** eigenkapital – og **ek-prosent** (ekp) eit relativt mål på kor stor «bufferen» er
- 2) Det som «tærer» på ek er **tap**, dvs negativ eigenkapitalrentabilitet (ekr)

➤ **SOLIDITETSRISIKO:**

Låg ekp og ekr < 0

MERK AT

$$rdg = (NDR + NFI)/NRK$$

$$= 1 + NRE/NRK$$

Altså: $rdg < 1$ når nettoresultatet til eigenkapital < 0

➤ **SOLIDITETSRISIKO:**

Låg ekp og $rdg < 1$

32

EKSAMEN I ACC421A 2023:

OPPGÅVER OG LØYSINGSFORSLAG

Eksamenssettet er laga av
Professor Kjell Henry Knivsflå, NHH

STRUKTUREN PÅ EKSAMENSSETTET 2023

Eksamenssettet har to delar:

I **del 1** er det fire oppgåver som handlar om verdivurdering av **Amo ASA**

Oppgåvene **byggjer på** kvarandre slik at opplysingar som du treng i ei oppgåve kan vere presenterte i introduksjonen til caset, i tidlegare oppgåver eller kjem fram som utrekningar i oppgavesvar

I **del 2** er det tre **uavhengige** oppgåver med korte utrekningar og generelle spørsmål. Svar på **minst to** av oppgåvene

Svar **kort og presist**

DEL 1:

CASE – AMO ASA

35

1)

AMO ASA - INNLEIING

Amo ASA er ein av Noregs leiande **våpenprodusentar**. Den norske stat eig 60%. Selskapet har spesialisert seg på utvikling og produksjon av luftvernrakettar med smartteknologi. Den nyaste versjonen av luft-vernraktane til Amo er Scanmissel 117. Den kan skyte ned fiendtlege fly og raketar som kjem inn over eit luftrom forsvart av eit nettverk av scanbasert luftvern med sannsyn for å treffe på 97,5%

1) Amo ASA – Omgrupperte og justerte rekneskapstal

I tabell 1 – 4 finn du fire rekneskapsoppstillingar:


- balanse,
- resultatrekneskap med årsresultat,

- oppstilling av fullstendig nettoresultat og endring i eigenkapital – og til sist
- kontantstraumoppstilling

Table 1: THE BALANCE SHEET - ANALYTICAL SPECIFICATION

Year	-4	-3	-2	-1	0
1) The Balance Sheet - Invested Capital:					
Invested Capital (Net Operating Assets)	108.0	104.2	88.6	93.0	116.3
- Net Financial Debt	67.0	58.4	44.3	44.2	52.3
= Equity	41.0	45.9	44.3	48.8	63.9
2) Specification of Net Financial Debt:					
Financial Debt (Interest-Bearing Debt)	78.8	70.7	55.4	56.1	67.5
- Financial Assets (Non-Operative Assets)	11.8	12.4	11.1	11.9	15.2
3) Specification of Financial Assets:					
Financial Investments	1.2	1.9	1.8	2.0	2.8
+ Financial Receivables	1.2	3.1	2.5	2.4	3.0
+ Cash Equivalents	9.5	7.4	6.8	7.5	9.3

36



AMO ASA

RESULTAT OG KONTANTSTRAUM

Table 2: THE INCOME STATEMENT - ANALYTICAL SPECIFICATION

Year	-4	-3	-2	-1	0
1) The Statement of Profit and Loss:					
Operating Revenues	250.0	226.8	182.4	207.8	279.0
- Operating Costs before DA	227.5	203.8	161.5	187.6	255.2
= EBITDA - EBIT before DA	22.5	22.9	20.8	20.2	23.8
- Depreciations and Amortizations - DA	10.0	10.8	10.4	8.9	9.3
= EBIT - Earnings Before Interests and taxes	12.5	12.1	10.4	11.4	14.5
- Operating Taxes	2.5	2.4	2.1	2.3	2.9
= Net Operating Profit After Tax - NOPAT	10.0	9.7	8.3	9.1	11.6
- Net Borrowing Costs - Interests	2.2	1.7	1.3	0.8	1.5
+ Net Financial Income (Non-Operative)	0.2	0.2	0.1	0.3	0.4
= Earnings (to Equity)	8.0	8.2	7.1	8.5	10.6

Table 3: COMPREHENSIVE INCOME AND CHANGE IN EQUITY

Year	-4	-3	-2	-1	0
2) Statement of Comprehensive Income:					
Earnings	8.0	8.2	7.1	8.5	10.6
+ Abnormal NOPAT	0.0	5.0	0.0	0.0	0.0
- Abnormal NBC	0.0	-0.2	0.0	0.0	0.0
+ Abnormal NFI	-0.5	0.0	0.0	0.0	0.0
= Comprehensive Income (to Equity)	7.5	13.4	7.1	8.5	10.6
- Net Payer Dividends	-3.5	8.6	8.7	3.9	-4.5
= Change in Equity	11.0	4.8	-1.6	4.5	15.1

Table 4: FREE CASH FLOW FROM OPERATIONS AND ITS DISTRIBUTION

Year	-4	-3	-2	-1	0
1) STATEMENT OF FREE CASH FLOW:					
Net Operating Profit After Tax - NOPAT	10.0	9.7	8.3	9.1	11.6
- Change in Invested Capital, adjusted	8.0	-8.8	-15.6	4.4	23.3
= Free Cash Flow from Operations - FCFO	2.0	18.5	24.0	4.7	-11.6
- Net Financial Costs (NBC - NFI)	2.0	1.5	1.2	0.6	1.1
+ Change in Net Financial Debt, adjusted	-3.5	-8.4	-14.1	-0.1	8.1
= Free Cash Flow to Equity	-3.5	8.6	8.7	3.9	-4.5
2) ALTERNATIVE SPECIFICATION, FCFO:					
Earnings before Interest and Taxes	12.5	12.1	10.4	11.4	14.5
+ Depreciations and Amortizations	10.0	10.8	10.4	8.9	9.3
- Taxes	2.5	2.4	2.1	2.3	2.9
- Capital Expenditure, adjusted	18.0	2.0	-5.2	13.3	32.6

Oppstillingane er omgrupperte og justerte av analyseselskapet **Bergen Business Analytics AS (BBA)**. År 0 er i år, -1 er i fjor og så bortetter. Rekneskapstal er i **millionar euro**. BBA nyttar **engelsk** i sin kommunikasjon

37

2)

BRANSJEN FORSVARSMATERIELL


Produksjon av **forsvarsmateriell** er ein viktig bransje i mange land. Den omfattar produksjon av alt frå våpen og ammunisjon til militære køyretøy og fly. Bransjen er strengt regulert, og produksjonen er som regel kontrollert av staten eller store selskap med tette band til styresmaktene. Produksjon av forsvarsmateriell er ein kritisk del av nasjonal tryggleik. Mange land har eigne strategiar og investeringsplanar for å sikre at dei har nok med moderne militært utstyr. Samtidig har bransjen vore **kritisert** for å støtte opp om krig og konflikt i ulike deler av verda – og har ofte låg ESG-skår (Environment, Social, Governance). Dette kan føre til høgare kapitalkostnader då somme investorar skyr slike selskap, jamfør at («unlevered») bransjebeta er 1,229

Innan produksjon av forsvarsmateriell har det skjedd **store endringar i etterspurnaden**. Etter oppløysinga av Sovjetunionen i 1991 skar mange land kraftig ned på sine forsvarsinvesteringar. Men etter at Russland annekterte Krim i 2014 auka fleire land sine kjøp av forsvarsmateriell. Målet er å bruke minst 2% av BNP på forsvaret. Etter at det i 2022 braut ut krig i Ukraina har investeringane skote i veret – og er venta å auke kraftig i dei neste åra. Dei fleste av medlemslanda i Nato har i år minimumslager av luftvern etter donasjonar til Ukraina i krigen mot Russland

Det er **fire produsentar** av luftvern med avtale om levering til Nato, to amerikanske produsentar, ein tysk produsent og så norske Amo. Den einaste andre produsenten som har ein treff-prosent for luftvernrrakketar på over 90, er det amerikanske selskapet Dynamic Missel Systems med ein treffprosent på 92,5%. Desse fire produsentane har 3-årige avtalar med Nato om leveransar. Men dersom ein produsent ikkje klarer kravet på minst 85% treff, vil ikkje produsenten kunne rekne med å vere prioritert leverandør i framtida. Andre tilbydarar kan dermed sleppe til

I våpenproduksjon er **vanlegvis marginen høg, men omløpet kan vere meir varierende**. Nokre mindre våpenprodusentar har få og store ordrar som gjer at inntektene kan variere mykje frå år til år. Einskilde land vel også å ileggje spesielle avgifter pga manglande konkurranse

38



ØKONOMISKE FORHOLD

Prognose på langsiktig økonomisk **vekst**:

$$3\% \text{ realvekst} + 2\% \text{ inflasjon} = 5,0\%$$

Normal **risikofri** rente etter skatt:

